



Mottakarar ifølge adresseliste

**Vår ref.**  
15/657/026/EAM

**Dykkar ref.**

**Dato:**  
29.01.2015

## **Referat frå møte om kommunereformen i Brattvåg 26.01.15**

Stortinget har vedteke at det skal gjennomførast ein kommunereform i Noreg, og at alle kommunane skal delta i reformprosessen.

Stortinget sine overordna mål for reformen er:

- *Gode og likeverdige tenester til innbyggjarane*
- *Heilhetlig og samordna samfunnsutvikling*
- *Bærekraftige og økonomisk robuste kommunar*
- *Styrke lokaldemokratiet og gi større kommunar fleire oppgåver*

Fylkesmannen har bedt om at kommunane samkøyrer prosessane med aktuelle nabokommunar.


På denne bakgrunn tok ordføraren i Haram saman med ordføraren i Ålesund eit initiativ til å invitere kommunane Giske, Norddal, Sandøy, Skodje, Stordal, Stranda, Sula, Sykkylven, Vestnes og Ørskog til møte om kommunestruktur i samband med utgreiingsfasen i 2015.

**Formålet med møtet var å sjekke ut om det er ønske om å skape ein større kommune på Nordre Sunnmøre, og eventuelt kven som kan tenkje seg å vere med på ein prosess for å utgreie dette.**

Alle kommunane var representert på møtet med ordførar og rådmann. Frå mange kommunar møtte også representantar frå arbeids- og styringsgrupper.

Ordføraren i Haram og Ålesund heldt kvar sine innlegg. Deretter heldt rådmannen i Haram eit innlegg med skisse til framdrift. Følgjande skisse til framdrift vart presentert:

# Forslag til vegen vidare:



Det vart opna for spørsmål og debatt og alle ordføraren heldt etter tur innlegg.

## Oppsummering av ordførarane sine innlegg og debatten:

Alle kommunane var i utgangspunktet positive til å vere med på ein felles utgreiingsprosess, men nokre kommunar ville bruke litt tid på å rådføre seg med formannskap/kommunestyre i sin kommune.

Mange kommunar påpeika at dette var eit av fleire alternativ dei vurderte.

Nokre kommunar var bekymra for tidsfaktoren i det løpet som var skissert opp.

Det vart påpeika frå mange kommunar viktigheita av å få skissert kva politisk styringssystem det kunne vere mogleg å få til i ei ny storkommune. Viktigheita av innflytelse vart framheva. Spørsmål om nærleik til tenestene for innbyggjarane, og samferdselsløyser i ei ny storkommune kom også opp.

## **Konklusjon:**

Det vart bestemt at kommunane skulle gi tilbakemelding **innan 12. februar** om dei vil vere med i ein utgreiingsprosess for å skape ein større kommune på Nordre Sunnmøre.

Det vart vidare bestemt at det skal settast ned eit ad-hoc utval som skal arbeide fram ei skisse til ein prosjekt- og prosessplan for utgreiingsarbeidet. Det haster å kome i gong med arbeidet i ad-hoc utvalet, og Ålesund og Haram tek ansvar for å starte opp arbeidet. Etter møtet har det kome signal om at fleire kommunar burde vere med i dette arbeidet, og ordføraren i Haram har derfor teke eit initiativ overfor Sula, Giske og Skodje.

Ad-hoc utvalet har no følgjande medlemmer: Turid Hanken (Haram), Tore Hals (Ålesund), Geir Ove Vegsund (Sula), Knut Støbakk (Giske) og Bente Glomset Vikhagen (Skodje).

Kommunane vert invitert til å kome med innspel til tema for ad-hoc utvalet innan fristen på 12. februar.

Ad-hoc utvalet skal legge fram ei skisse til veggen vidare med tema som bør behandlast og koordinering av prosessen til slutten av februar. Det vert tatt sikte på å samle alle kommunane som har gitt tilbakemelding om at dei er med i utgreiingsprosessen den 27. februar i samband med representantskapsmøte i Sunnmøre regionråd. Kommunane skal då ta stilling til skissa som blir lagt fram av ad-hoc utvalet. Det vil då også bli vald arbeidsutval for den vidare prosessen.

Ber om at tilbakemelding på kva kommunar som blir med i den vidare utgreiingsprosessen vert gitt til ordførar Bjørn Sandnes pr e-post: [bjorn.sandnes@haram.kommune.no](mailto:bjorn.sandnes@haram.kommune.no)

Innspel til tema for ad-hoc utvalet kan gjevast til rådmann Turid Hanken [turid.hanken@haram.kommune.no](mailto:turid.hanken@haram.kommune.no)

Med helsing

Elin A. Moen  
seksjonsansvarleg  
Interntlf. 70 20 75 32

**Kopi til:**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal    Fylkeshuset    6404    MOLDE  
Sunnmøre regionråd

**Mottakarar:**

Ordførar og rådmann i Giske kommune  
Ordførar og rådmann i Norddal kommune  
Ordførar og rådmann i Sandøy kommune  
Ordførar og rådmann i Skodje kommune  
Ordførar og rådmann i Stordal kommune  
Ordførar og rådmann i Stranda kommune  
Ordførar og rådmann i Sula kommune  
Ordførar og rådmann i Sykkylven kommune  
Ordførar og rådmann i Vestnes kommune  
Ordførar og rådmann i Ørskog kommune  
Ordførar og rådmann i Ålesund kommune

